

Informasjon om SFO tilbudet

Skuleåret 2025-2026

Opningstider og samdrift

SFO har opningstid frå klokka 06.45 til 16.15 alle skuledagar.

Vi har samdrift med barnehagen kvar dag, morgon og ettermiddag.

Elevane på SFO leverast i barnehagen om morgonen fram til kl 0800, etterpå går dei til klasserom nr. 1 og nr. 2 på skulen. Levering på SFO etter 0800 skjer derfor ved inngang til skulen.

På ettermiddagen vil elevane vere i klasseromma, ute eller i gymsalen fram til 1530. Deretter er dei helst i klasserom 1. og 2.

Onsdagar er det heildagstilbod på SFO. Desse dagane har elevane base i klasserom 1 og 2 frå 0800 – 15.30. Det vil vere to vaksne på SFO i denne tida og det vil bli lagt opp til ulike aktivitetar.

Merk: Vi har i år dessverre ikkje høve til å tilby felles måltid på SFO. Elevane må derfor ha med seg niste. Drikke kan bestillast på skolelyst.no.

De vil få meir informasjon om andre aktivitetar på SFO etter kvart.

Personalet elevane møter på SFO

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	
0645-0715	Tilsette i barnehagen					
0715-0900	Sølvi	Berit	Sølvi, Berit og Janita	Berit	Berit/Sølvi	
0900-1430	Skule			Skule		
14:45/1430-1615	Janita	Janita		Sølvi	Berit/Sølvi	

SFO telefonen har følgjande telefonnummer: **97 99 89 75**

Her kan de sende meldingar om fråvær, eller andre viktige beskjedar.

Merk at denne telefonen ikkje er betjent anna enn i opningstida for SFO.

Sjekk at det ligg rett kontaktinformasjon på dykk i VISMA, slik at vi kan nå dykk om det skulle vere noko.

Klede/ekstraskift

Vi er ute kvar dag uansett ver. Det er difor viktig at elevane har ekstraskift på plassane sine.

Dei treng regnklede, og på vinteren er det viktig med gode, varme klede, gjerne dress. Pass og på at dei har innesko.

MERK: i veke 32 og 33 har SFO samdrift med barnehagen heile dagen.

Lavik, 02.07.25

Målfrid Førde, rektor og SFO-leiar

